



Ingeniør Aarland As  
Ole Andreas Dalland  
Eidsvågbakken 1  
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4659 - 16/33739

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

08.12.2016

## Avvising av søknad om igangsettingsløyve - gbnr 185/189 Isdal

### Administrativt vedtak. Saknr: 590/16

**Tiltakshavar:** Ingeniør Aarland AS

**Ansvarleg søkjar:** Andre Mjelstad

**Søknadstype:** Søknad om igangsettingsløyve

Det vert vist til til dykkar søknad om igangsettingsløyve motteken 01.12.2016.

### VURDERING:

Plan- og bygningslova (pbl) § 21-9 lyder:

«Er tiltaket ikke satt i gang senest 3 år etter at tillatelse er gitt, faller tillatelsen bort. Det samme gjelder hvis tiltaket innstilles i mer enn 2 år. Disse bestemmelser gjelder tilsvarende for dispensasjon. Fristene kan ikke forlenges.»

Utgangspunktet for 3 års fristen er det endelige vedtaket om rammeløyve. I denne saka er fristen for rammeløyvet den 02.12.2016. Pbl § 21-9 første ledd krev at tiltaket må vere «satt i gang» seinast tre år etter at rammeløyve er gitt. Det einaste som kan avbryte 3 års fristen, er fysiske arbeider som er av ein slik art og eit slikt omfang at det er påkrevd med igangsettingsløyve. Det er ikkje tilstrekkeleg at tiltakshavar er meddelt igangsettingsløyve.

I pbl § 21-7 (5) står det at:

«Søknad om igangsettingstillatelse skal behandles av kommunen innen 3 uker. Dersom kommunen ikkje har avgjort søknaden innen fristens utløp, kan tiltaket igangsettes».

Igangsetting kan ikkje skje FØR kommunen har gjeve igangsettingsløyve eller søknadsfristen på 3 veker har utløpt. I denne saka har kommunen ikkje oversittet 3 vekers fristen.

På handsamingstidspunktet er 3 års fristen oversittet og rammeløyve datert 02.12.2013 i sak 13/908 er bortfalt, jamfør pbl § 21-9.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Når det ikkje ligg føre gyldig rammeløyve må søknad om igangsetting avvistast.

Ny søknad må sendast inn dersom tiltaket skal kunne realiserast.

**VEDTAK:**

**Søknad om igangsettingsløyve vert avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.**

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4659**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Andre Mjelstad

Litlevika 76

5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Ingeniør Aarland As

Eidsvågbakken 1

5105

EIDSVÅG I ÅSANE